

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGS DIREKTIV (EU) 2022/905**2024/EØS/63/04****av 9. juni 2022****om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF med omsyn til protokollane for gransking av visse
sortar av jordbruksvekstar og grønsaker(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/53/EF av 13. juni 2002 om den felles sortsliste for jordbruksvekster⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 2 bokstav a) og b),med tilvising til rådsdirektiv 2002/55/EF av 13. juni 2002 om markedsføring av grønnsaksfrø⁽²⁾, særleg artikkel 7 nr. 2 bokstav a) og b), og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Føremålet med kommisjonsdirektiv 2003/90/EF⁽³⁾ og 2003/91/EF⁽⁴⁾ er å sikre at dei sortane av jordbruksvekstar og grønsaker som medlemsstatane fører opp i dei nasjonale listene sine, oppfyller krava i dei protokollane som plantesortskontoret til Fellesskapet («CPVO») har fastsett. Føremålet med desse direktiva er særleg å sikre samsvar med reglane for kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar og grønsaker. For sortar som ikkje er omfatta av CPVO-protokollane, er føremålet med desse direktiva å sikre at dei rettleiande prinsippa til Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar («UPOV») vert etterlevde.
- 2) CPVO har utarbeidd ytterlegare protokollar og oppdatert dei eksisterande protokollane, særleg når det gjeld hundegras, blålusern, mellomlusern, villtimotei, timotei, raudkløver, hamp, rug, rugkveite, bladbeta, savoykål, kvitkål og raudkål, bladsikori, vassmelon, melon, fennikel, salat, tomat, spinat og tomatgrunnstammer. Denne utviklinga bør avspeglast i unionsretten.
- 3) Direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF bør difor endrast.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 157 av 10.6.2022, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 3/2023 av 3. februar 2023 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 75 av 19.10.2023, s. 5.

⁽¹⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 33.

⁽³⁾ Kommisjonsdirektiv 2003/90/EF av 6. oktober 2003 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar (TEU L 254 av 8.10.2003, s. 7).

⁽⁴⁾ Kommisjonsdirektiv 2003/91/EF av 6. oktober 2003 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse grønsaksortar (TEU L 254 av 8.10.2003, s. 11).

- 4) Medlemsstatane skal nytte dei nye reglane frå 1. januar 2023. For visse sortar som ikkje var godkjende for oppføring i den felles sortlista for jordbruksvekstar eller for grønsaker, vart det før 1. januar 2023 sett i gang offisielle granskingar i samsvar med direktiv 2003/90/EF eller 2003/91/EF slik dei lydde før dei vart endra ved dette direktivet, og desse granskingane er ennå ikkje slutførte. For å unngå at desse granskingane vert skipla, bør dei omfattast av desse tidlegare reglane.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og før.

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Endring av direktiv 2003/90/EF

Vedlegg I og II til direktiv 2003/90/EF vert bytte ut med teksten i del A i vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

Endring av direktiv 2003/91/EF

Vedlegga til direktiv 2003/91/EF vert bytte ut med teksten i del B i vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 3

Innarbeiding i nasjonal rett

1. Medlemsstatane skal innan 31. desember 2022 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksten til desse føresegnene. Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. januar 2023.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksten til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 4

Overgangstiltak

Når det gjeld offisielle granskingar av sortar som er sette i gang før 1. januar 2023, men som ennå ikkje er slutførte, skal direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF gjelde slik dei lydde før dei vart endra ved dette direktivet.

Artikkel 5

Ikraftsetjing

Dette direktivet trer i kraft 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 6

Adressatar

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 9. juni 2022.

For Kommisjonen

Ursula VON DER LEYEN

President

VEDLEGG

DEL A

«VEDLEGG I

Liste over dei artane det vert vist til i artikkel 1 nr. 2 bokstav a), som skal vere i samsvar med dei tekniske protokollane til CPVO(*)

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Protokollen til CPVO
<i>Dactylis glomerata</i> L.	Hundegras	TP 31/1 av 25.3.2021
<i>Festuca arundinacea</i> Schreb.	Strandsvingel	TP 39/1 av 1.10.2015
<i>Festuca filiformis</i> Pourr.	Grannsvingel	TP 67/1 av 23.6.2011
<i>Festuca ovina</i> L.	Sauesvingel	TP 67/1 av 23.6.2011
<i>Festuca pratensis</i> Huds.	Engsvingel	TP 39/1 av 1.10.2015
<i>Festuca rubra</i> L.	Raudsvingel	TP 67/1 av 23.6.2011
<i>Festuca trachyphylla</i> (Hack.) Hack.	Stivsvingel	TP 67/1 av 23.6.2011
<i>Lolium multiflorum</i> Lam.	Italiensk raigras	TP 4/2 av 19.3.2019
<i>Lolium perenne</i> L.	Vanleg raigras	TP 4/2 av 19.3.2019
<i>Lolium x hybridum</i> Hausskn.	Hybridraigras	TP 4/2 av 19.3.2019
<i>Medicago sativa</i> L.	Blålusern	TP 6/1 av 22.12.2021
<i>Medicago x varia</i> T. Martyn	Mellomlusern	TP 6/1 av 22.12.2021
<i>Phleum nodosum</i> L.	Villtimotei	TP 34/1 av 22.12.2021
<i>Phleum pratense</i> L.	Timotei	TP 34/1 av 22.12.2021
<i>Pisum sativum</i> L. (partim)	Åkerert	TP 7/2 rev. 3 corr. av 16.3.2020
<i>Poa pratensis</i> L.	Engrapp	TP 33/1 av 15.3.2017
<i>Trifolium pratense</i> L.	Raudkløver	TP 5/1 av 22.12.2021
<i>Vicia faba</i> L.	Bønnevikke	TP/8/1 av 19.3.2019
<i>Vicia sativa</i> L.	Fôrvikke	TP 32/1 av 19.4.2016
<i>Brassica napus</i> L. var. <i>napobrassica</i> (L.) Rchb.	Kålrot	TP 89/1 av 11.3.2015
<i>Raphanus sativus</i> L. var. <i>oleiformis</i> Pers.	Oljereddik	TP 178/1 av 15.3.2017
<i>Brassica napus</i> L. (partim)	Raps	TP 36/3 av 21.4.2020
<i>Cannabis sativa</i> L.	Hamp	TP 276/2 av 1.2.2022
<i>Glycine max</i> (L.) Merr.	Soyabønne	TP 80/1 av 15.3.2017
<i>Gossypium</i> spp.	Bomull	TP 88/2 av 11.12.2020
<i>Helianthus annuus</i> L.	Solsikke	TP 81/1 av 31.10.2002
<i>Linum usitatissimum</i> L.	Tekstillin/oljelin	TP 57/2 av 19.3.2014
<i>Sinapis alba</i> L.	Kvitsennep	TP 179/1 av 15.3.2017

<i>Avena nuda</i> L.	Naken havre	TP 20/3 av 6.3.2020
<i>Avena sativa</i> L. (medrekna <i>A. byzantina</i> K. Koch)	Havre og raudhavre	TP 20/3 av 6.3.2020
<i>Hordeum vulgare</i> L.	Bygg	TP 19/5 av 19.3.2019
<i>Oryza sativa</i> L.	Ris	TP 16/3 av 1.10.2015
<i>Secale cereale</i> L.	Rug	TP 58/1 rev. av 27.4.2022
<i>Sorghum bicolor</i> (L.) Moench subsp. <i>bicolor</i>	Sorghum	TP 122/1 av 19.3.2019
<i>Sorghum bicolor</i> (L.) Moench subsp. <i>drummondii</i> (Steud.) de Wet ex Davidse	Sudangras	TP 122/1 av 19.3.2019
<i>Sorghum bicolor</i> (L.) Moench subsp. <i>bicolor</i> x <i>Sorghum bicolor</i> (L.) Moench subsp. <i>drummondii</i> (Steud.) de Wet ex Davidse	Hybridar som er framstilte ved kryssing av <i>Sorghum bicolor</i> subsp. <i>bicolor</i> og <i>Sorghum bicolor</i> subsp. <i>drummondii</i>	TP 122/1 av 19.3.2019
<i>xTriticosecale</i> Wittm. ex A. Camus	Hybridar som er framstilte ved kryssing av ein art frå slekta <i>Triticum</i> og ein art frå slekta <i>Secale</i>	TP 121/3 av 27.4.2022
<i>Triticum aestivum</i> L. subsp. <i>aestivum</i>	Kveite	TP 3/5 av 19.3.2019
<i>Triticum turgidum</i> L. subsp. <i>durum</i> (Desf.) van Slageren	Durumkveite	TP 120/3 av 19.3.2014
<i>Zea mays</i> L. (partim)	Mais	TP 2/3 av 11.3.2010
<i>Solanum tuberosum</i> L.	Potet	TP 23/3 av 15.3.2017

(*) Teksten til desse protokollane er å finne på nettstaden til CPVO (www.cpvo.europa.eu).

VEDLEGG II

Liste over dei artane det vert vist til i artikkel 1 nr. 2 bokstav b), som skal vere i samsvar med dei rettleiande prinsippa for prøving som er utarbeidde av UPOV(*)

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
<i>Beta vulgaris</i> L.	Fôrbeta	TG/150/3 av 4.11.1994
<i>Agrostis canina</i> L.	Hundekvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Agrostis gigantea</i> Roth	Storkvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Agrostis stolonifera</i> L.	Krypkvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Agrostis capillaris</i> L.	Engkvein	TG/30/6 av 12.10.1990
<i>Bromus catharticus</i> Vahl	Byfaks	TG/180/3 av 4.4.2001
<i>Bromus sitchensis</i> Trin.	Alaska-faks	TG/180/3 av 4.4.2001
<i>xFestulolium</i> Asch. et Graebn.	Hybridar som er framstilte ved kryssing av ein art frå slekta <i>Festuca</i> og ein art frå slekta <i>Lolium</i>	TG/243/1 av 9.4.2008
<i>Lotus corniculatus</i> L.	Tiriltunge	TG/193/1 av 9.4.2008

<i>Lupinus albus</i> L.	Kvitlupin	TG/66/4 av 31.3.2004
<i>Lupinus angustifolius</i> L.	Smallupin	TG/66/4 av 31.3.2004
<i>Lupinus luteus</i> L.	Gul-lupin	TG/66/4 av 31.3.2004
<i>Medicago doliata</i> Carmign.	Straight-spined medic	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago italica</i> (Mill.) Fiori	Disc medic	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago littoralis</i> Rohde ex Loisel.	Shore medic / Strand medic	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago lupulina</i> L.	Snigelbelg	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago murex</i> Willd.	Sphere medic	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago polymorpha</i> L.	Kroksnigelbelg	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago rugosa</i> Desr.	Wrinkled medic / Gama medic	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago scutellata</i> (L.) Mill.	Snail medic / Shield medic	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Medicago truncatula</i> Gaertn.	Gruvesnigelbelg	TG/228/1 av 5.4.2006
<i>Trifolium repens</i> L.	Kvitkløver	TG/38/7 av 9.4.2003
<i>Trifolium subterraneum</i> L.	Jordkløver	TG/170/3 av 4.4.2001
<i>Phacelia tanacetifolia</i> Benth.	Honningurt	TG/319/1 av 5.4.2017
<i>Arachis hypogaea</i> L.	Jordnøtt	TG/93/4 av 9.4.2014
<i>Brassica juncea</i> (L.) Czern	Sareptasennep	TG/335/1 av 17.12.2020
<i>Brassica rapa</i> L. var. <i>silvestris</i> (Lam.) Briggs	Rybs	TG/185/3 av 17.4.2002
<i>Carthamus tinctorius</i> L.	Saflortistel	TG/134/3 av 12.10.1990
<i>Papaver somniferum</i> L.	Valmue	TG/166/4 av 9.4.2014

(*) Teksten til disse rettleiande prinsippa er å finne på nettstaden til UPOV (www.upov.int).»

DEL B

«VEDLEGG I

Liste over dei artane det vert vist til i artikkel 1 nr. 2 bokstav a), som skal vere i samsvar med dei tekniske protokollane til CPVO(*)

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Protokollen til CPVO
<i>Allium cepa</i> L. (Kepa-gruppa)	Kepalauk	TP 46/2 av 1.4.2009
<i>Allium cepa</i> L. (Aggregatum-gruppa)	Sjalottlauk	TP 46/2 av 1.4.2009
<i>Allium fistulosum</i> L.	Pipelauk	TP 161/1 av 11.3.2010
<i>Allium porrum</i> L.	Purre	TP 85/2 av 1.4.2009
<i>Allium sativum</i> L.	Kvitlauk	TP 162/1 corr. av 25.3.2004
<i>Allium schoenoprasum</i> L.	Graslauk	TP 198/2 av 11.3.2015

<i>Apium graveolens</i> L.	Hageselleri	TP 82/1 av 13.3.2008
<i>Apium graveolens</i> L.	Knollselleri	TP 74/1 av 13.3.2008
<i>Asparagus officinalis</i> L.	Asparges	TP 130/2 av 16.2.2011
<i>Beta vulgaris</i> L.	Raudbete, medrekna Cheltenham-bete	TP 60/1 av 1.4.2009
<i>Beta vulgaris</i> L.	Bladbete	TP 106/2 av 14.4.2021
<i>Brassica oleracea</i> L.	Grønkål	TP 90/1 av 16.2.2011
<i>Brassica oleracea</i> L.	Blomkål	TP 45/2 rev. 2 av 21.3.2018
<i>Brassica oleracea</i> L.	Brokkoli eller calabrese	TP 151/2 rev. 2 av 21.4.2020
<i>Brassica oleracea</i> L.	Rosenkål	TP 54/2 rev. av 15.3.2017
<i>Brassica oleracea</i> L.	Knutekål	TP 65/1 rev. av 15.3.2017
<i>Brassica oleracea</i> L.	Savoykål, kvitkål og raudkål	TP 48/3 rev. 2 av 25.3.2021
<i>Brassica rapa</i> L.	Kinakål	TP 105/1 av 13.3.2008
<i>Capsicum annuum</i> L.	Spansk pepar eller paprika	TP 76/2 rev. 2 corr. av 21.4.2020
<i>Cichorium endivia</i> L.	Krusendivie og breiblada endivie	TP 118/3 av 19.3.2014
<i>Cichorium intybus</i> L.	Sikorirot	TP 172/2 av 1.12.2005
<i>Cichorium intybus</i> L.	Bladsikori	TP 154/1 rev. 2 corr. av 14.4.2021
<i>Cichorium intybus</i> L.	Salatsikori	TP 173/2 av 21.3.2018
<i>Citrullus lanatus</i> (Thunb.) Matsum. et Nakai	Vassmelon	TP 142/2 rev. av 14.4.2021
<i>Cucumis melo</i> L.	Melon	TP 104/2 rev. 2 av 25.3.2021
<i>Cucumis sativus</i> L.	Agurk og sylteagurk	TP 61/2 rev. 2 av 19.3.2019
<i>Cucurbita maxima</i> Duchesne	Kjempegraskar	TP 155/1 av 11.3.2015
<i>Cucurbita pepo</i> L.	Mandelgraskar	TP 119/1 rev. av 19.3.2014
<i>Cynara cardunculus</i> L.	Artisjokk og kardon	TP 184/2 rev. av 6.3.2020
<i>Daucus carota</i> L.	Gulrot og förgulrot	TP 49/3 av 13.3.2008
<i>Foeniculum vulgare</i> Mill.	Fennikel	TP 183/2 av 14.4.2021
<i>Lactuca sativa</i> L.	Salat	TP 13/6 rev. 3 av 27.4.2022
<i>Solanum lycopersicum</i> L.	Tomat	TP 44/4 rev. 5 av 14.4.2021
<i>Petroselinum crispum</i> (Mill.) Nyman ex A. W. Hill	Persille	TP 136/1 corr. av 21.3.2007
<i>Phaseolus coccineus</i> L.	Prydbønne	TP 9/1 av 21.3.2007
<i>Phaseolus vulgaris</i> L.	Krypbønne og stangbønne	TP 12/4 av 27.2.2013
<i>Pisum sativum</i> L. (partim)	Mergert, pillert og sukkerert	TP 7/2 rev. 3 corr. av 16.3.2020
<i>Raphanus sativus</i> L.	Hagereddik, svart reddik	TP 64/2 rev. corr av 11.3.2015

<i>Rheum rhabarbarum</i> L.	Rabarbra	TP 62/1 av 19.4.2016
<i>Scorzonera hispanica</i> L.	Skorsonerrot	TP 116/1 av 11.3.2015
<i>Solanum melongena</i> L.	Eggplante	TP 117/1 av 13.3.2008
<i>Spinacia oleracea</i> L.	Spinat	TP 55/5 rev. 4 av 27.4.2022
<i>Valerianella locusta</i> (L.) Laterr.	Vanleg vårsalat	TP 75/2 av 21.3.2007
<i>Vicia faba</i> L. (partim)	Bønnevikke	TP 206/1 av 25.3.2004
<i>Zea mays</i> L. (partim)	Sukkermais og puffmais	TP 2/3 av 11.3.2010
<i>Solanum habrochaites</i> S. Knapp & D.M. Spooner; <i>Solanum lycopersicum</i> L. x <i>Solanum habrochaites</i> S. Knapp & D.M. Spooner; <i>Solanum lycopersicum</i> L. x <i>Solanum peruvianum</i> (L.) Mill.; <i>Solanum lycopersicum</i> L. x <i>Solanum cheesmaniae</i> (L. Ridley) Fosberg; <i>Solanum pimpinellifolium</i> L. x <i>Solanum habrochaites</i> S. Knapp & D.M. Spooner	Tomatgrunnstammer	TP 294/1 rev. 5 av 14.4.2021
<i>Cucurbita maxima</i> Duchesne x <i>Cucurbita moschata</i> Duchesne	Artshybridar av <i>Cucurbita maxima</i> Duchesne x <i>Cucurbita moschata</i> Duchesne til bruk som grunnstammer	TP 311/1 av 15.3.2017

(*) Teksten til disse protokollane er å finne på nettstaden til CPVO (www.cpvo.europa.eu).

VEDLEGG II

Liste over dei artane det vert vist til i artikkel 1 nr. 2 bokstav b), som skal vere i samsvar med dei rettleiande prinsippa for prøving som er utarbeidde av UPOV(*)

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
<i>Brassica rapa</i> L.	Nepe	TG/37/10 av 4.4.2001

(*) Teksten til desse rettleiande prinsippa er å finne på nettstaden til UPOV (www.upov.int).»